**AUSTRHEIM KOMMUNE**
Plan, bygg, oppmåling og miljø

Villy Johan Villanger
Litlelindås 83
5943 AUSTRHEIM

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Stein Kåre Løvslett | 18.11.2021 |
| Vår: 21/804 - 21/8798 | stein.kare.lovslett@austrheim.kommune.no | |

# Vedtak -Gbnr 152/40 - pålegg om retting av feil på septiktank

**Administrativt vedtak. Saknr: 157/21**

Vi syner til melding fråNorva24 Vest AS om feil på septiktank motteke 08.07.2021

**Vedtak**

**Det vert gjeve pålegg om retting av feil ved slamavskiljare i medhald av plan- og bygningslova (pbl) §§ 31-3 og 31-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og forureiningslova §§ 7 og 84 samt forureiningsforskrifta § 12-13.**

**Saksutgreiing:**

Austrheim kommune har fått melding frå Norva24 Vest AS som er opperatør for tømming av septiktankar for NGIR i Austrheim kommune. I meldinga er det opplyst at det er manglar med dykkar septiktank. Det vert opplyst at skiljeveggane i septiktanken er lause. Lause skiljeveggar i septiktanken fører til dårlegare reinsing av avlaupsvatnet. Disse manglane fører til ulovlege utslepp og ureining av resipienten. Disse manglane må utbetrast av fagleg kompetent personell.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal heimelshavar eller utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

***Klage:***

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: **21/804**.

Med helsing
Stein Kåre Løvslett
ingeniør

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen | | | |
| NGIR | Lindåsvegen 1260 | 5956 | HUNDVIN |
| Norva24 Vest AS | Sløvågen 16 | 5960 | DALSØYRA |

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Villy Johan Villanger | Litlelindås 83 | 5943 | AUSTRHEIM |